



Notat

Dato: 14.12.2015
Arkivsak: 2014/24576-17
Saksbehandlar: ROABREI

Til:	Fylkesrådmannen
Frå:	Roald Breistein

Partsbrev - Forvaltningsrevisjon innan rusføregyggande arbeid - Revisjonsrapport

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 90/2015 i møte 9.12.2015:

«Saksprotokoll i fylkestinget - 09.12.2015

Deloitte v/ Marit Brochmann presenterte rapporten "Rusførebyggande arbeid i vidaregåande skular". Leiaren av kontrollutvalet, Inge Reidar Kallevåg, orienterte.

Silje Hjemdal (Frp) sette på vegner av Frp og A fram slikt forslag:

"Tillegg:

Saka vert sendt ungdommens fylkesting for uttale. Ungdommens fylkesting og elevorg. i Hordaland vert inkluderte i arbeidet med handlingsplan."

Fylkesrådmannen sette fram slikt forslag:

"Tidsfristen i punkt 7 vert justert frå 1. februar til 1. mars 2016."

Røysting

Innstillinga med fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Hjemdal sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "Rusførebyggande arbeid i vidaregåande skular", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

- 1. Utarbeide retningsliner eller rapporteringskrav for å sikre at skulane kartlegg risiko og utfordringar knytt til rus på sin skule, og følgjer kartlegginga opp som eit ledd i eit systematisk arbeid med arbeid med elevane sitt psykososiale skulemiljø, jf. opplæringslova § 9a.*
- 2. Etablere krav om at skulane utarbeider rusførebyggande planar, og krav til at desse planane blir følgt opp og revidert med jamne mellomrom, jf. opplæringslova § 9a og retningsliner gitt i støtte materiell frå helsedirektoratet om rusførebyggande arbeid i skulen.*
- 3. Sikre at skulane systematiserer kva tiltak dei nyttar i det rusførebyggande arbeidet og i oppfølging av enkeltelevar.*

4. Sikre at skulane involverer helsesøster og dei kommunale helsetenestene i rusførebyggande arbeid i tilstrekkeleg grad både på skulane og på systemnivå jf. rettleiar til forskrift om kommunen sitt helsefremjande og førebyggande arbeid i helsestasjon og skulehelseteneste.
5. Å utarbeide retningsliner for samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og relevante samarbeidspartnare i det rusførebyggande arbeidet.
6. Sikre at elevar og føresette blir involvert i det rusførebyggande arbeidet slik det går fram av Helsedirektoratet sitt støttemateriell for rusførebyggande arbeid i skulen.
7. Laga ein handlingsplan innan 01.03.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.
8. Saka vert sendt ungdommens fylkesting for uttale. Ungdommens fylkesting og elevorg. i Hordaland vert inkluderte i arbeidet med handlingsplan.»

Kopi til:

ØKONOMI - OG ORGANISASJONSAVDELINGA